

Isdalstø 17.10.2017

## **Innspel til debatt ang. revidert alkoholpolitisk plan for Lindås kommune.**

Som sponsor til Storstova på Leiknes føler vi at vårt utgangspunkt for økonomisk bidrag er endra frå det vi vart forespeila.

Vi skulle få ei storstove for bygda vår der vi kunne nytta den til alle typar tilstellinger.

Dette gav bygdelaget uthrykk for når dei var ute etter sponsormidler.

Vi såg for oss at vi kunne nytte dette til eventuelle tilstellinger der det var naturlig å nytte alkohol.

Tenkjer då både på storsalen oppe og sosialt rom nede, alt etter type tilstelling.

Vi kan ikkje sjå at det er noko problem å bruke Storstova til alle typar formål frå andakt til dans.

Vil vise til andre hus i kommunen, Nordhordlandshallen/Lindåshallen her er det idrett/fotball/skule som nyttar, her er det også gitt skjenkeløyve til ulike tilstellinger.

Vil og vise til Radøyhallen, her er det skule i samme avstand som Storstova har til skulen. Her er det tillate med alkoholservering. Viser og til Brekkebygda i Gulen kommune, her har dei ein skule med gymsal. Den vert nytta til skuleformål på dagtid, og ellers nyttar bygda den til ulike tilstellinger som dans, høstfest, MC klubben har tilstellinger der.

Selvfølgelig ryddar alle opp etter seg slik at alt er ok til skulen startar.

Til slutt vi eg bruke det som bygdelaget samanlikna dette med, vi skulle få oss eit hus slik dei har på Seim i Strlatun.

Det er det eg som sponsor har sett for meg, eit hus som vi alle i bygda kan nytta.

Vil be om ei formulering av punkt 6b, Del 1 i Alkoholpolitisk plan for Lindås kommune (revidert plan) som inkluderer Storstova på lik linje med Nordhordlandshallen og Lindåshallen.

NB ser at det på kommunens heimesider viser at Storstova kan leigast både med og uten alkoholservering!

Med vennleg helsing

Mob 97 01 96 34

Helge Sandvik

*Helge Sandvik*